

Samandrag av innspel

vedlegg 13.12


Til varsel om oppstart av planarbeidet i juli 2020, med frist for å koma med innspel og synspunkt innan 23.august 2020, kom det inn 13 merknader. Til varsel om utvida plangrense som vart varsla i januar 2021 med frist for innspel 19.februar kom det inn 8 merknader. Alle merknadane er referert i dette kapitelet med Fylkeskommunen sine kommentarar til desse. Merknadane er delt i to tabellar for å skilje på dei to varsla.

Merknader som kom inn til varsel om oppstart av planarbeidet		
	Merknad	Kommentar
Bergen Sjøfartsmuseum	Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Heilevang eller Hestvika, i Førdefjorden, Sunnfjord kommune som kan bli direkte råka av den omsøkte detaljreguleringa. Museet har ingen merknad til den planlagde detaljreguleringa. Museet gjer merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.	
BKK nett	<p>Det ligg nettanlegg innanfor planområdet. Minner om at det ikkje må setjast i verk tiltak som forverrar tilkomsten til BKK sine nettanlegga, og det er vesentleg at ein ikkje endrar terrengoverdekninga over kablar eller reduserer høgda opp til luftleidningsanlegga. Spenningsnivået for nettanlegga skal ikkje førast på i plankartet. Dersom det må gjerast tiltak på høgspennetnettet, kan det verte stilt krav til når på året anlegget kan koplust ut. Kontinuerleg straumforsyning. Det er ynskjeleg at utbyggar så snart som mogleg vurderer straumbehovet både i tunnelen (lys, ventilasjon etc.) og det øvrige vegområde. Ev. nye installasjonar. Ynskjer ny høgspenkabel gjennom den nye tunnelen. Utbyggar må vise varsemd. BKK ynskjer å få oversendt detaljplanen i SOSI eller dwg-format.</p> <p>Ber utbyggar ta kontakt med nettselskapet for å avklare behov for nettutbygging og utforming av nettløysning i god tid før arbeidet skal utførast. Det er viktig for BKK Nett med tidleg og god informasjon om det planlagde arbeidet. Dei ynskjer difor å vere med i den vidare planprosessen.</p>	<p>Teke til orientering.</p> <p>Det er stilt krav i føresengnene om at eksisterande høgspenlinje skal demonterast og leggjast om før anleggsstart.</p> <p>HMS-plan blir utarbeidd før anleggsstart.</p> <p>Prosjektet støttar framlegget om å legge høgspenkabel i ny tunnel. (Kjartan Lilleby, VLFK, vil vere kontaktperson mot BKK)</p> <p>Plan vert sendt over til BKK i SOSI-format.</p>
DMF	<p>Planområdet rører ved ein grusførekomst registrert i Noregs geologiske undersøking (NGU) sin grus- og pukkkdatabase med liten betyding (Heilevang, Grus- og pukkkdatabasen NGU). Førekomstområdet er nytta til jordbruk, og er delvis bandlagt av busetnad.</p> <p>DMF er opptatt av at overskotsmassar vert handsama på ein god måte og at det leggast til rette for at deponerte massar seinare kan nyttast i andre prosjekter. Det bør undersøkast om tunnelmassar kan nyttast som</p>	<p>Teke til orientering. Det vert ikkje lagt opp til uttak frå deponi. VLFK ynskjer å etablere permanente deponi. Deponia ligg tett på busetnad, opne deponi for uttak vil verke negativt på omgjevnadane både</p>

	byggeråstoff. Viser til www.dirmin.no for oppdatert info om mineraluttak, berggrettar mm.	med tanke på støv og støy, samt visuelt.
Fylkeskommunen	<p><u>Klimaomstilling</u></p> <p>Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 inneheld fleire overordna tema som er aktuelle for planområdet. Reduksjon i klimagass-utslepp. Tilpassing til klima. Forsking, innovasjon og bruk av ny teknologi bidreg til låg- og null utsleppsløysingar. Oppdaterte og tilgjengelege farekartleggingar skal nyttast.</p> <p>Det er eit mål at alle arealplanar har føringar for ivaretaking, utvikling og re-etablering av a) blågrøne strukturar som førebygging av flaum og lokal handtering av overvatn og mykje nedbør, b) areal som er verdifulle med tanke på å binde CO2 eller som sikring av naturhendingar, samt at vi opprettheld arealet av dyrka og dyrkbar mark.</p> <p>For god klimaomstilling er det viktig å bidra til reduksjon av klimagassutslepp og klimatilpassing. Utbyggar kan til dømes vurdere ulike byggemateriale i ein livsløpsanalyse, og nytte føresegnene for å fastsette krav til energi- og materialbruk. I tillegg bør ein sjå på energibruk og effektivisering i både bygge- og driftsfase.</p> <p>Ved nye tiltak bør ein ha til mål å nytte dei energiløysingane som gjev mest effektiv energibruk i eit livsløpsperspektiv, og vidare å nytte dei materiala som gjev lågast klimagassutslepp for dei aktuelle tiltaka.</p> <p><u>Kulturminne</u></p> <p>Automatisk freda kulturminne: VLFK stiller krav om arkeologiske registreringar i samband med detaljregulering for fv. 609 Heilevang. Minner om at planen ikkje kan vedtakast før VLFK har gjeve endeleg fråsegn etter registrering.</p> <p>Nyare tids kulturminne: Ber om at kulturlandskap vert teke omsyn til i val av deponi- og riggområde. Kulturmiljø rundt Heilevang og Hestvik må få naudsynt merksemd. Ved Heilevang: det er registrert eit typeområde for Kulturlandskap og kulturmarkstypar.</p> <p>Kulturminne i sjø: Innspel til planoppstart vert ettersendt.</p> <p><u>Samferdsle</u></p> <p>Det må takast omsyn til mjuke trafikantar og syklistar i planområdet. Minner om at handbok N100 er gjeldande for all offentleg veg, ev. fråvik skal godkjennast før plan vert lagt ut på off. ettersyn og høyring.</p> <p><u>Vassmiljø</u></p> <p>Vassforskrifta §4 tillet ikkje ny arealbruk som gjer tilstanden av vassførekomst dårlegare. Dersom det skal deponerast massar på land må det som del av planarbeidet verte gjort vurderingar på fare for</p>	<p>Teke til orientering.</p> <p>Det er regulert eit 6 meter breidt belte langs Heilevangelva til blågrøn struktur. Planframlegget har fokus på bevaring av dyrka og dyrkbar mark. Så mykje areal som mogleg blir tilbakeført og /eller tilrettelagt for jordbruksdrift.</p> <p>Det vert mellom anna lagt opp til natursteinsmur i staden for betongmurar.</p> <p>Omforedling av stein til knuste masser.</p> <p>Det vil bli vurdert om det kan stillast krav til ent. for å redusere utslepp (hindre tomgangskøyering, kan ein få bonus dersom dei reduserar utslepp, kan vera del av kontrakt, el.drift).</p> <p>Arkeologiske registreringar er gjennomført.</p> <p>ÅDT er for låg til at det er krav om eigen gang- og sykkelveg. Gang- og sykkelveg blir likevel etablert i Hestvika for intern kommunikasjon i bygda. Busslommer blir etablert både på Heilevang og i Hestvika.</p>

	<p>avrenning av finstopp til sjø og vassdrag, og eventuelt avbøtande tiltak.</p>	<p>Det blir lagt opp til at syklistar kan sykle gjennom tunnelen.</p> <p>I prosjektet er det avdekka tre fråvik. Fråvika er handsama og godkjende av fråviksgruppa til Vestland fylkeskommune.</p> <p>Det er stilt krav i føresegnene at det skal lagast tiltak for å hindre avrenning frå deponi til bekkar, elv, vatn og fjord.</p>			
<p>Statsforvaltaren (Fylkesmannen)</p>	<p>Viser til skriv 'Fylkesmannen sine merknader til oppstart av reguleringsplanarbeid' datert 04.11.2016. Aktuelle fagtema i planområdet er strandsone, naturmangfald, friluftsliv, folkehelse, vassdrag, landskap /estetikk, barn og unge, landbruk, ureining, samfrunnstryggleik og beredskap samt støy. Minner om at planomtala skal gjera greie for verknadane planen kan ha for ulike interesser og omsyn i planområdet.</p> <p>Kommunane har konkludert med at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing.</p> <p>Vassdrag-sjø. Ein må unngå avrenning /ureining til vassdrag og sjø.</p> <p>Massehandtering. Føreset at dette vert vurdert. Transport må avgrensast, massane bør gjenbrukast eller gjenvinnast om mogleg (lokalt).</p> <p>Medverknad og digital presentasjon. Rår til å leggja planen ut på www.kommunekart.com ved høyring. Vurder også https://www.kartverket.no/geodataarbeid/arealplan-og-planregister/plandata-i-norge-digitalt/</p>	<p>Planomtala greiar ut om dei aktuelle temaene.</p> <p>Planomtala gjer greie for planen sine verknadane for miljø og samfunn, kap.: 9 Verknadar av planforslaget.</p> <p>Føresegnene set krav om tiltak som skal hindre avrenning frå deponi til bekkar, elv, vatn og fjord.</p> <p>Deponia ligg relativt tett på påslaga, transport av massar er avgrensa. Sprengte massar frå tunnel skal nyttast til vegbygging i prosjektet.</p> <p>Kommunane vurderar sjølve digital publisering.</p>			
NVV	<p><u>Flaum, erosjon, skred og overvatn</u>. God arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Omsynet til flaum må sjåast i samanheng med lokal handtering av overvatn. Meir tette flater gjev raskare avrenning. Dersom vassdrag ikkje har kapasitet til å ta i mot auka avrenning, må det planleggast andre tiltak. Det må sikrast tilstrekkeleg areal til ev. tiltak i reguleringsplanen.</p> <p>Havnivåstigning på 66 cm.</p> <p><u>Vassdrag- og grunnvasstiltak</u></p>	<p>Aktsemdsområde for flaum og skred vert lagt inn i plankartet.</p> <p>Skred er særleg utgreia på grunn av den store skredaren i området. Tiltak er foreslått.</p>			
				<p>Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesse, kan utløyse konsesjonsplikt etter vassressurslova. NVE kan gjera vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber om tydeleg melding dersom dei skal vurdere dette. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.</p> <p><u>Energianlegg</u></p> <p>Planen må ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg. Aktuelle anlegg skal elles visast/sikrast i planforslaget i samsvar med reglar i pbl.</p> <p>NVE viser til ei rekke rettleiarar dei rår til å nytte i planarbeidet.</p> <p>Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta ved offentleg ettersyn.</p>	<p>Ikkje utfordringar knytt til dette. Drikkevatt er omtala i planen. Skal handterast og sikrast før anleggsstart.</p> <p>Konsesjon Hundsåna kraftverk, kryssar tunnel. Tiltak er lagt vekk pga lønsemd (frå utviklar si side), men konsesjon ligg der, grunneigarane ynskjer at det planlagde ikkje vert øydelagt (grunneigarane eig prosjektet no).</p>
SVV				<p>Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafiksikkerheit og framkomst på fylkesvegen skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene. Minner om at vegnormalane gjeld for all offentleg veg. Dersom det vert planlagt for fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklara med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.</p>	<p>Teke til orientering.</p> <p>I prosjektet er det avdekka tre fråvik. Fråvika er handsama og godkjende av fråviksgruppa til Vestland fylkeskommune.</p>
Førdefjorden Vel v/ Linda Kvalheim				<p>Førdefjorden Vel ber om at det vert vurdert å redusere fartsgrensa frå 80 km/t til 60 km/t ved utgangen av tunnelmunningen i Hestvika. Denne vegen er skuleveg og har busetnad med barnefamiljar på begge sider av fylkesvegen.</p>	<p>Teke til orientering.</p> <p>Ny veg er planlagt med dimensjonerande fartsgrense på 80 km/t.</p> <p>Reguleringsplanar tek ikkje stilling til reduisering av fartsgrense.</p>
Anne Bjørg Aarseth Dalheim				<p>Stiller seg positive til utbygging av tunnel. Minner om vasskjelda til Jurunn Aarseth, ligg på oppsida av vegen, denne må omsyntakast.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Vasskjelda vert sikra i føresegnene.</p>
Cecilie Bruflot og Martin Hestvik Grytten				<p>Ynskjer ikkje ytterlegare oppdeling av bruket. Vassforsyning må sikrast. Tapt jordbruksareal må erstattast. Avlingstap må erstattast. Landbruksmaskiner må kunne krysse ny fylkesvegen. Bekymra for støy. Bruket kan stille areal til deponi og riggområde til disposisjon. Er bekymra for auka fart, ynskjer 60 km/t (skuleungar, beitedyr, jordbruksaktivitet). Ynskjer kulvert for beitedyr. Ynskjer å bli involvert i planarbeidet.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Vasskjelda vert sikra i føresegnene.</p> <p>Jordbruksareal vert delvis erstatta, areal vert planert og lagt til rette for landbruksdrift.</p> <p>Det vert utarbeidd støysoneanalyse som</p>

		<p>skal sikre tilfredsstillende støytilhøve.</p> <p>Eventuelt tap av avling blir sikra i grunnervervsoppgjeret.</p> <p>Prosjektet vil nytte tilbydd areal til deponi- og riggområde.</p> <p>Reguleringsplanar tek ikkje stilling til reduisering av fartsgrense.</p> <p>Det er lagt opp til traktorveg for kryssing over tunnelportalen.</p> <p>Grunneigarar vil bli involvert i det vidare planarbeidet.</p>
Henrik Gjelsvik	Gjelsvik har ei sandstrand som er i ferd med å bli gravd vekk. Han har snakka med Johannes Folkestad om saken. Gjelsvik ynskjer å bruke overskotsmassar til div. bakfyll, samt kanskje heve eit område langs sjøen for å verne matjorda. Det er ikkje søkt om tiltak pr no.	Innspel vert teke til orientering. Dette må ev. bli ei avtale mellom grunneigar og entreprenør for tunnelprosjektet. Tiltakshavar må ha godkjente planar for å kunne utføre dette arbeidet.
Soelvi Catrin Berg Hestvik	Viser til at ny vegtrase vil gå over vassleidning. Dei tek vatten frå området oppunder fjellet.	Vasskjelda vert sikra i føresegnene.
Hallvard Johannes Mullen	Ynskjer tilkøyring av massar for å dyrke opp slåttemark.	Innspel vert teke til orientering. Dette må ev. bli ei avtale mellom grunneigar og entreprenør for tunnelprosjektet.



Merknader som kom inn til varsel om utvida plangrense		
	Merknad	Kommentar
Bergen Sjøfartsmuseum	Museet har på ny hatt saka til vurdering. Dei kjenner ikkje til kulturminne som kan bli direkte råka av reguleringa. Dei har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har ingen merknad til reguleringa. Museet gjer merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.	Teke til orientering.
Linja AS	Linja har høgspenst luftlinje innanfor planområdet. Dersom desse kjem i konflikt med planane, må linjer leggst om. Linja ønskjer informasjon om utviklinga og framdrifta i planarbeidet, slik at dei så tidleg som mogeleg kan gje vidare innspel. Om det er spørsmål om straumforsyning, kan prosjektet ta kontakt med Linja.	Teke til orientering.
NVE	NVE gav innspel til planarbeidet i brev av 20.08.2020. I det dei viser til i deira tidlegare innspel har NVE ikkje ytterlegare kommentarar/innspel til utvidinga i denne planfasen.	Teke til orientering.
Statsforvaltaren	Statsforvaltaren har ikkje tilleggsmernadar som følgje av varselet om utviding av planområdet 05.02.2021.	Teke til orientering.
SVV	SVV har ingen merknader til melding om utviding av planområdet.	Teke til orientering.
Førdefjorden Vel	I samband med utviding av planområdet er Førdefjorden Vel positive til at det blir laga oppstillingsplass for bilar for turgåarar. Førdefjorden Vel meiner at det er viktig å verne om turstiar i området, og at ein unngår at det blir sår i naturen kring desse stiane.	Tatt til orientering. Ein skal sikre tilgang til sti-systemet i byggefasen, stiar skal takast i vare/evt-leggjast om) og stellast i

		stand /flyttast ved ferdig anlegg.
Eivind Rørvik	I den utvida detaljreguleringa for prosjektet, ligg Sagevatnet innafor det utvida området. Dette området må bevarast i dagens tilstand. Området med dyrka mark i same område, må etter arbeidet vere i tilsvarande stand som dagens. Der er også to kjelder til drikkevatt/bekk innafor området. Jektevika var hensyntatt i forrige regulering, men i det utvida området er dette området tatt inn i planen. Dette området har stor affeksjonsverdi og bør bevarast slik det er.	<p>Sagevatnet vert teke i vare i planarbeidet. Det skal ikkje vera fylling eller utslepp som forringar dette.</p> <p>Nyplanerte områder som kan nyttast til landbruk vert tilrettelagt for dette.</p> <p>Drikkevasskjelder vert sikra i føresegnene.</p> <p>Området Jektevika er med for å sikre moglegheit for etablering av ein utfartsparkering like nord for fylkesvegen. Det er ikkje planlagt deponering eller likande i Jektevika.</p>
Grete Berg Grimelid	Viser til tf.samtale med K.S. Tveit og B. Grimelid. Bekk sør for fv 609 høyrer til gbnr 81/22, denne må det takast omsyn til ved deponering av stein /masse i området Rundeseten.	Tatt til orientering. Bekk vert ivareteke som del av planarbeidet.

